

# Plan for frivilligpolitikk



VANYLVEN KOMMUNE

Godkjent i k-sak 112/2017

## Innhald

1 Innleiing .....	3
1.1 Politiske føringar.....	3
1.2 Målsettingar .....	3
1.3 Forankring.....	4
1.4 Visjon og verdigrunnlag.....	4
1.5 Organisering og prosess .....	5
2. Frivillig sektor .....	6
2.1 Kva er frivilligheit og kven er dei frivillige?.....	6
2.2 Utviklingstrekk innan frivilligheit.....	6
3 Strategiar for å nå måla.....	7
4. Satsing på frivilligheit i Vanylven.....	9
4.1 Kultur .....	9
4.2 Idrett.....	11
4.3 Barn og unge.....	11
4.4 Nærmiljø, natur og friluftsliv .....	12
4.5 Lokalsamfunnsutvikling .....	13
4.6 Levekår (helse og omsorg).....	14

## 1 Innleiing

Vanylven kommune har eit stort antall frivillige som deltek i eit mangfald av aktivitetar og bidreg med store ressursar til lokalsamfunnet. Frivillig arbeid gir muligheiter til å bruke evnene sine og kompetansen til glede for andre, og frivilligheit skaper fellesskap og gjer menneske godt. Drivkrafta i frivillig sektor og i frivillig engasjement er eit ønske om å få halde på med aktivitetar som gir mening.

Ein aktiv frivillig sektor er av grunnleggande betydning for eit vitalt lokalsamfunn. Vanylven kommune ønsker å vere ein støttespelar og tilretteleggar for ein levande, mangfaldig og uavhengig frivillig sektor. Denne planen skal vere ein plattform for eit likeverdig samarbeid, med gjensidig respekt for rollene i partnerskapen.

### 1.1 Politiske føringar

#### *Sentralt*

St. meld. Nr. 39 (2006-2007) *Frivillighet for alle* tilrår alle kommunar å etablere nært samarbeid med frivillige organisasjonar og utvikle ein heilskapleg frivilligpolitikk, for å styrke samspelet, skape føreseielege rammer og sikre utvikling av eit levande samfunn. Rapporten viser til forskning som seier at sjølv om fleire kommunar i dag har ei omfattande og variert samhandling med frivillig sektor, er det i dei fleste kommunar ei manglande forståing for kva rolle dei frivillige kan og bør spele i kommunane. Manglande koordinering, rutinar og informasjonsflyt synest å vere nokre av hovudutfordringane. Frivillighet Norge og KS (Kommunenenes Sentralforbund) har utvikla eit dokument for samhandling: *Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor*, som dei tilrår kommunane og frivillig sektor å legge til grunn for sin eigen lokale frivilligheitspolitikk. Det er gjort i denne planen.

#### *Regionalt*

Møre og Romsdal fylke var relativt tidleg ute med ein frivilligplan med tiltaksdel frå 2010-2014. Det framgår ikkje av sidene til MR fylke kor vidt denne planen er vidareført eller revidert. Men i fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016 er det sett som mål at frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og offensive i sine lokalsamfunn. Fylkesplanen seier vidare at «Kulturaktivitet og kulturoppleving er ein berebjelke for lokal identitet, trivsel og utvikling. Frivillig engasjement og innsats blir i stor grad teke for gitt, og det er viktig at kommunane har ein gjennomtenkt frivilligpolitikk. Det frivillige arbeidet bør ha gode rammer for å blomstre i lokalmiljøa og ha ei tydeleg rolle i kommunen som fellesskap. Det vil vere viktig å arbeide for ein inkluderande profil og låge deltakaravgifter i frivillige lag og organisasjonar, slik at flest mogleg kan delta».

### 1.2 Målsettingar

Plan for frivilligpolitikk skal vere ein plattform for samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor i Vanylven kommune.

Planen skal fastsette prinsipp og handlingar for å styrke relasjonane og skal vere ein arena for inkludering på tvers av etnisk, religiøs og sosial tilhørsle, slik at alle innbyggjarane i Vanylven skal ha mulegheit til å delta i frivillige aktivitetar og foreiningsliv. Frivilligheit har eigenverdi, og frivillig aktivitet er i seg sjølv eit gode. Siktemålet er ikkje å regulere frivillig sektor, men snarare å gje sektoren anerkjening og understreke sektoren si sjølvstende. Det skal leggest til rette for ein livskraftig frivillig sektor med gode og føreseielege vilkår.

## Mål

Planen skal:

1. Systematisere innsatsen på frivilligfeltet i Vanylven kommune
2. Gje ei oversikt over alle registrerte frivillige lag og foreiningar
3. Vise korleis Vanylven kommune verdset frivillig arbeid og legg til rette for større mangfald
4. Utreie aktuelle arenaer for dialog og samhandling slik at kommunikasjonen mellom dei frivillige og kommunen vert enklare
5. Legge til rette for gode møteplassar

## Delmål

Det er eit stort mangfald av frivillige i Vanylven kommune. For å få ei betre oversikt over kva desse målsettingane får å bety for den enkelte frivillige, er det utforma delmål og strategiar for å nå desse delmåla for områda

1. kultur
2. idrett
3. barn og unge
4. rekreasjon og sosiale foreiningar
5. lokalsamfunnsutvikling
6. levekår

## 1.3 Forankring

Det er utarbeida ei rekke dokument som omhandlar forholdet mellom frivillig og offentlig sektor, og nokre har vore sentrale for utforminga av denne planen:

- Kommuneplanens samfunnsdel for Vanylven 2009-2020
- Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 for Vanylven kommune
- Stortingsmelding nr. 39 Frivillighet for alle (2006-2007)
- Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor 2013-2015, Frivillighet Norge og KS.
- Sammen om det gode liv – en veileder for utvikling av lokal frivillighetspolitikk, KS

## 1.4 Visjon og verdigrunnlag

Kommunen sin visjon for planperioden er at Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling. Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skaper trivsel og samhold, kompakte og trygge tettstader, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektivt tenestetilbod.

For å nå denne visjonen vart det i planprosessen definert 4 satsingsområde, der ein har utvikla klare målsetnader og strategiar for å nå desse måla:

1. Vanylven som bu- og trivselskommune
2. Vanylven som nærings- og arbeidskommune
3. Vanylven som tenesteytar
4. Vanylven i regionen og i verda

Målsettinga med visjonen er m.a. å stimulere til bulyst og å vidareutvikle ein kommune som innbyggjarane trivst i og er stolte av. Ein viktig del av det å skape trivsel er å utvikle kultur- og idrettstilbodet i kommunen, både for å dekke behova til dei innbyggjarane kommunen treng mest – unge kvinner og ungdom generelt – og for å skape større samhald mellom bygdene og innbyggjarane i kommunen. Det er såleis ei viktig oppfølging av visjonen, og særleg målsetnad punkt 1, å utforme ein plan for frivilligpolitikk.

Vanylven kommune sitt verdigrunnlag er basert på følgjande nøkkilverdiar, som også høver godt som fundament for frivilligpolitikken:

- Samhald
- Trivsel
- Respekt
- Openheit
- Entusiasme
- Kvalitet

## 1.5 Organisering og prosess

Det er avgjerande at planen for frivilligpolitikk har solid forankring i kommuneleiinga, både politisk og administrativt, og ikkje minst hjå frivillige lag og organisasjonar. Det er viktig å utnytte kvarandre sin kompetanse og sikre god dialog og kommunikasjon. Alle deltakande partar bør utvikle eit eigarforhold og vere aktivt involvert. Med dette som bakgrunn er prosjektet bygt opp med følgjande modell:

### *Styringsgruppe: Livsløpsutvalet*

Mandat: Prosjektorganiseringa er forankra i Styringsgruppa. Den skal legge til rette for styring i høve til vedteken kommuneplan, og sette krav til resultatmål og framdrift.

### *Prosjekt Frivilligheit (arbeidsgruppe)*

Mandat: Arbeidsgruppa har ansvaret for å utarbeide ein heilskapleg frivilligpolitikk der samhandling står sentralt, og gruppa skal konkretisere tiltak på frivilligfeltet. Dei har også ansvaret for samarbeid med frivillige på dei ulike områda og skal legge til rette for konstruktive dialogsamlingar. Samansetnad er opp til Livsløpsutvalet men kan t.d. bestå av to representantar for administrasjonen for kvar sektor. Kulturkontoret leier arbeidsgruppa og er sekretariat.

### *Dialogsamlingar Frivilligheit*

Mandat: Dialogsamlingane skal vere ein møteplass for frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med å utvikle planen. Kva behov og forventningar har dei frivillige, og kva mulegheiter er det for samarbeidet med kommunen og andre lag og foreiningar? Kartlegginga gir verdifull dokumentasjon og informasjon og er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet. Deltakande: Frivillige innanfor dei ulike sektorane og folkevalde

Følgjande dialogsamlingar er gjennomført (vert delen av planen vert ferdigstilt i endeleg plan):

- *Barn og unge*: Dato xx. Foredrag av ..., xx deltakande
- *Levekår (helse og omsorg)*: Dato xx. Leiar for livsløpsutvalet innleia. xx deltakande
- *Idrett og kultur*: Innleiing ved leiar i Vanylven idrettsråd, og foredrag av ..., ... I.L og ..., korps. xx deltakande
- *Lokalsamfunn / nærmiljø og friluftsliv*: Dato xx. Innleiing ved ... grendalag og ..., korps. xx deltakande.

Invitasjonane gjekk ut til alle lag og organisasjonar som er registrerte i Vanylven. Dialogsamlingane vart organisert som kafédialog, der deltakarane kom med innspel til planen ut frå hovudspørsmåla Kva fungerer bra i dag og kvifor, og kva kan bli betre og korleis. Kvart kafébord hadde ein sekretær som skreiv ned innspela. Desse vart i etterkant samla og oppsummert av kulturkontoret, bearbeida av arbeidsgruppa og innlemma i denne planen.

Utkast til plan for frivilligpolitikk vart sendt ut på høyring xx. desember 2017. Høyringsfristen vart sett til xx. jan 2018. Det kom inn yy høyringsuttalar.

## 2. Frivillig sektor

### 2.1 Kva er frivilligheit og kven er dei frivillige?

Det er viktig at kommunale beslutningstakarar og frivillige samarbeidspartnarar har ei mest muleg samstemt oppfatning av kva som er meint med frivilligheit. Organisasjonen *Frivillighet Norge* skriv m.a. dette om frivilligheit:

*Frivillighet Norge definerer frivillig virke som virksomhet som for det vesentligste er basert på innsamlede midler og/eller frivillig tidsbruk, og som har et ikke-kommersielt formål.*

Det er viktig å understreke at frivillig og offentleg sektor har grunnleggande ulike roller og ansvar. Likevel er det gråsoner mellom sektorane. Måla kan vere dei same, og ein opererer på same felt, men virkemidla og rollene er ulike og komplementære. Samarbeidet mellom frivillig og kommunal sektor må bygge på prinsippet om at frivillig sektor skal supplere og utfordre - og ikkje erstatte kommunale tenester. Denne planen omhandlar frivilligheit der organisasjonar eller enkeltpersonar utfører uløna, humanitært og/eller samfunnsnyttig arbeid utan å ha profitt eller eigennytte som mål.

#### *Kven er dei frivillige?*

Det er viktig å skilje mellom frivillig deltaking og frivillig arbeid. Medlemene i ei foreining, for eksempel eit idrettslag, driv frivillig aktivitet, men det er trenaren og dei som tek på seg verv og andre leiaroppgåver for laget som gjer frivillig arbeid og kan klassifiserast som frivillige. Det same gjeld for kor og korps. Men dersom koret eller korpset opptrer på en institusjon som frivillige, definerer vi dette som frivillig arbeid.

### 2.2 Utviklingstrekk innan frivilligheit

Vi er ein nasjon av dugnadsentusiastar som skaper store verdjar i samfunnet. Men undersøkingar viser at frivillig sektor er i endring. Nokre utviklingstrekk er tydelege:

- Det blir større konkurranse om folk si tid, og resultatet er at frivillige ønsker å yte tidsavgrensa innsats, og at denne innsatsen endrar seg med livssituasjon og alder. Resultatet er at mange lag og foreiningar stagnerer og slit med å rekruttere nye medlemmer. Folk søker ikkje i same grad livslange medlemskap i frivillige og humanitære organisasjonar, men tek gjerne del i meir intense og kortvarige prosjekt i regi av dei same organisasjonane. Det er mindre forpliktande og tidkrevande.

- Færre vil ta på seg styreverv. Dette skjer samtidig med at andelen passive medlemskap aukar nasjonalt. Det er også seinare åra kome til meir administrasjon i form av søknader, rekneskap og rapportar i frivillig sektor, noko som gjer arbeidet meir kompleks.
- Frivilligheit er i aukande grad ein arena for dei ressurssterke, medan personar med lav inntekt, utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden oftare fell utanfor.
- Når innbyggjarar ønskjer å engasjere seg, skjer det i aukande grad i eige nærmiljø.
- Fleire «shoppar» i organisasjonslivet. Dei ser an kvar dei trivast best, kva som finst av aktivitetar eller kvar barna har flest vener.
- Nokre vil heller betale enn å utføre dugnad. Men frivilligheita treng timeinnsats.
- Virtuell frivilligheit (frivilligheit på nett) er på frammarsj, i form av støttegrupper, diskusjonsforum m.m. Lag og organisasjonar må forholde seg til sosiale media, der forventninga er rask respons og kontinuerlig oppdatering.

### 3 Strategiar for å nå måla

Som nemnt under pkt 1.2 innleiingsvis er målsetnaden for denne planen følgjande:

1. Systematisere innsatsen på frivilligfeltet i Vanylven kommune
2. Gje ei oversikt over alle registrerte frivillige lag og foreiningar
3. Vise korleis Vanylven kommune verdset frivillig arbeid og legg til rette for større mangfald
4. Utreie aktuelle arenaer for dialog og samhandling mellom kommunen og frivillige
5. Legge til rette for gode møteplassar

Det er viktig å utforme forstålege strategiar for å nå desse måla, og desse strategiane må sjåast i samheng med verdigrunnlaget i del 1.4, målsettingar i del 1.2 og tilbakemeldingane frå dialogsamlingane.

#### *Mål 1: Systematisere innsatsen på heile frivilligheitsfeltet i Vanylven kommune*

Strategiar for å nå målet:

- **Plan for frivilligpolitikk må vere forpliktande i alle ledd.**
- **Det skal vere fast kommunal kontaktperson for frivillig sektor og ressursar til oppfølging**

Gjennom planprosessen vil det vere muleg for mange å få kjennskap til og gje innspel til planen sitt innhald. Både frivillige, kommunal leiing og folkevalde organ skal ha kunnskap om og jobbe for innhaldet i planen.

I tillegg blir det presisert at kulturkontoret til eikvar tid har ansvaret for kontakt og oppfølging, samarbeid og samspel med dei frivillige.

#### *Mål 2: Gje ei oversikt over alle registrerte/aktive frivillige lag og foreiningar*

Strategiar for å nå målet:

- **Oppdatert register.**  
Det er utforma oppdatert ei liste over lag og organisasjonar, som består av alle lag registrert i Brønnøysundregistra. Denne er supplert med dei lag som ikkje er registrerte der, men som har søkt kulturmidlar siste to åra. Lista er truleg likevel mangelfull. Ein oppmodar alle lag og organisasjonar om å orientere kommunen om manglar, og legge inn i eigne rutinar at kommunen vert orientert om endringar i styre og aktivitet.

### *Mål 3: Vise korleis Vanylven kommune verdset frivillig arbeid og som tilretteleggjar for større mangfald*

Strategiar for å nå målet:

- **Vanylven kommune ønsker å gje dei frivillige anerkjenning.**  
Det skal leggjast betre til rette for felles dialogsamlingar, kurs og seminar for frivillige. Eit av arrangementa kan vere i samband med den årlege frivillighetsdagen (5. desember). «Årets frivillig» kan vurderast å erstatte kulturprisen. Dette vil gi frivillig innsats fornya anerkjenning og samtidig stimulere til vidare innsats. Ein årleg Frivilligpris skal delast ut under eige arrangement/bankett for frivillige organisasjonar.
- Vanylven kommune vil prioritere og styrke frivilligheit som har fokus på inkludering i sitt arbeid, og vil ha som målsetting at flest muleg tilbod skal vere kjende og tilgjengelege for alle.

### *Mål 4: Utgreie aktuelle arenaer for dialog og samhandling slik at kommunikasjonen mellom dei frivillige og kommunen vert enklare*

Strategiar for å nå målet:

- **Forenkling av søknader og rapportering**  
Som ein del av planprosessen vert eksisterande ordningar evaluert, både kriteriane for tildeling og saksbehandlingsrutinar. Det skal arbeidast for ein meir målretta bruk av frivillighetsmidlane (dagens kulturmidlar), og stønadsbeløpa bør aukast monaleg
- **Frivillighetsforum**  
Under arbeidet med planen, var Frivillighetsforum ein viktig bidragsytar gjennom Kafédialogane. Dette forumet vert føreslått å fortsette som arena for dialog og samhandling mellom de frivillige og kommunen.

### *Mål 5: Legge til rette for gode møteplassar*

Strategiar for å nå målet:

- **Etablere frivilligsentral ?**  
Det er viktig at kommunestyret tek stilling til eventuell etablering av frivilligsentral i eiga sak, men basert på dei moment som kjem fram i arbeidet med frivilligpolitikken. I ein liten og desentralisert kulturkommune finst det gode grunnar for å ikkje flytte kapasitet ut av primærkommunen og over i ei ekstern eining med eige styre. Men det er også gode grunnar for å isolere samordninga av frivillig sektor i kommunen til ein sentral med kapasitet og kontinuitet til å samordne deler av frivillig innsats, for heile kommunen. Det må i så fall vere ei viktig målsetting at frivilligsentralen skal samarbeide om å motivere frivillige i lokalmiljøet spesielt i integreringsarbeidet ved å tilby møteplasser, samordne aktivitet, vere vertskap og låne ut lokale, rettleie og koordinere frivillig innsats, spesielt på levekårsområdet.
- **Andre møteplassar**  
*Naturdag og/eller Miljøsøndag*  
Vanylven kommune ønsker auka fokus på nærmiljøaktivitetar. Det kan vere aktuelt å etablere ein Naturdag eller eit knippe Miljøsøndagar, og gjere desse arrangementa til samarbeidsprosjekt for frivilligheita i kommunen og eventuelt saman med kommunen sjølv.  
*Innflyttar til Vanylven*  
Det er ønskjeleg at tilflyttarar vert raskt kjende med frivilligheitstilbodet vi har i Vanylven. Oppdaterte nettsider med oversikt over frivillig sektor og fylldig omtale om frivilligtilbodet vil hjelpe godt på. Eit «velkomstarrangement» i si enklaste form kan vere aktuelt, då eventuelt i samarbeid med Vanylven Utvikling/næringslivet.



## 4. Satsing på frivillighet i Vanylven

Det er registrert 68 foreningar og råd fra Vanylven i Brønnøysundregistra. I tillegg har ca 30 lag og organisasjonar som ikkje er registrerte der søkt og fått stønad frå kommunen sine kulturmidlar. Basert på dette kan ein legge til grunn at det er minst 100 aktive lag og organisasjonar i kommunen.

Alle frivillige lag og foreningar i Vanylven vert som del av dette planarbeidet oppmoda om å melde sin aktivitet anten inn i Brønnøysundregistra og/eller direkte til kommunen dersom registrering i Br.reg. ikkje er hensiktsmessig.

Vidare i dette kapitlet er frivillig sektor i Vanylven kategorisert på same måte som i Brønnøysundregistra, med områda

- kultur
- idrett
- barn og unge
- nærmiljø, natur og friluft
- lokalsamfunnsutvikling

Vi har i tillegg sett på eit område som vi har kalla 6. Levekår – som primært er eit utviklingsområde for frivillig innsats for helse og omsorg.

Nokre lag og organisasjonar opererer på tvers av desse kategoriane. Områda er gjennomgått under følgjande overskrifter:

- Overordna målsettingar
- Organisering og kjenneteikn
- Utviklingstrekk og utfordringar
- Delmål

### 4.1 Kultur

#### 4.1.1 Overordna målsettingar

Frivilligheita på kulturområdet er brei, og er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren. Feltet dekker organisasjonar og enkeltpersonar; elevar, idealistar, foreldre m.fl. og kommunen prøver å legge til rette både for breidde og elite, for hender og hovud.

For enkeltpersonar handlar dette ofte om ei aktiv deltaking i lokalsamfunnet, med positive effektar for personleg utvikling, sosialisering og nettverk. I eit litt større bilete bidreg frivilligheita til at kommunen og regionen si befolkning får ta del i store kulturelle opplevingar. Vanylven treng aktive, inkluderte og engasjerte innbyggjarar, som er med og skaper levande lokalsamfunn.

#### 4.1.2 Organisering og kjenneteikn

Kulturfrivilligheita er kjenneteikna av at ein er med av fri vilje og at ein er engasjert av lyst - og ikkje er med på grunn av at det er ei kommunal fellesoppgåve som skal løysast. Det er vurdert å vere relativt lav terskel for å kople seg på som frivillig i kulturfeltet, organisasjonane er opne, festivalar og byggedagar er stadig på jakt etter nye engasjerte.

Kommunen sin dialog med dei frivillige organisasjonane består i dei fleste tilfelle av årleg søknadsbehandling, der det vert tildelt stønad etter kriteria. Vanylven kommune yter ca. kr 250.000 årleg til frivillige lag og organisasjonar. I tillegg stiller kommunen øvings- og aktivitetsrom til disposisjon i heile kommunen.

Det er få lovpålagde oppgåver på kulturfeltet utanom kulturskule og bibliotek. Dermed står kommunen i stor grad fritt til å gjere sine prioriteringar og satsingar. Uavhengigheita går også andre vegen; kommunen skal forsøke å halde armlengds avstand i høve kva som blir produsert av kulturinnhald.

#### *4.1.3 Utviklingstrekk og utfordringar*

Feltet er prega av fleire av dei same utviklingstrekk som andre område. Tidsklemma har blitt eit større problem enn betalingsvilje. Viljen til langsiktig involvering i organisasjonar er redusert. Meir papirarbeid og nye offentlege krav har auka behovet for administrative ressursar.

På den andre side er nokre utviklingstrekk positive for deler av kulturfeltet. Ønske om korttidsengasjement passar godt til mellom anna for festivalarbeid, bygdedagar og prosjekt, slik som til dømes Kosterikjedagane og Sunnivakoret.

Dreining mot opplevings-shopping og korte bidrag pregar kulturengasjementet. Det vil verte endå vanskelegare å rekruttere styremedlemmer som vil ta ansvar over tid, og det er allereie ei utfordring å finne frivillige til kvardagskulturen. Det er truleg lettare å skaffe 30 frivillige til Åheimfest enn det er å sikre eit stabilt styre til Åheim IL (som tilfeldig valt døme) med åtte styremøte årleg.

#### *4.1.4 Delmål*

##### *1. Auka kompetanse*

Frivilligheita er i endring, og det trengst stadig påfyll for å tilrettelegge for enkeltpersonar si deltaking og for å gjere organisasjonane gode, på personleg nivå; læring, meistring, sosialisering, eller på organisatorisk nivå: økonomi, marknadsføring, rekruttering, osv.

##### *2. Betre finansiering*

Finansiering kan primært betrast ved å verte flinkare til å utnytte t.d. Frifond, momskompensasjon og Tilskuddsportalen (er VK medlem?). Dei kommunale tilskotsordningane må vere lette å søke på, med moderat dokumentasjonsplikt, og sakshandsamar skal gje direkte råd til søkerar som ber om det. Aktørar med klare ambisjonar bør gjevast mulegheit til å utvikle seg. Til dømes gjekk kommunen svært langt i å hjelpe Vanylvsfestivalen/Vanylvsråkk på beina dei første åra, for seinare å trekke stønaden ned.

##### *3. Rekruttere frivillige*

Det trengst stadig nye frivillige, og det er viktig å vere bevisst på dei viktigaste motivasjonsfaktorane og tilrettelegge for engasjement med utgangspunkt i desse. Kva let dei frivillige seg inspirere av? Korleis vil dei bidra? Dette føreset endringsvilje, men kan løyse ut ein stor innsatsvilje.

Kommunen ønsker tydelegare å vise si anerkjenning overfor dei som legg ned ein stor innsats. Ein årleg frivilligdag og tettare oppfølging av frivilligfeltet vil kunne bidra til dette. Kulturlivet sine mange tilstellingar og konsertar er gode anledningar for dei folkevalde og det offentlige elles å vise ansikt, og dermed gje anerkjenning for arbeidet som vert utført.

## 4.2 Idrett

### 4.2.1 Overordna målsettingar

*Sikre gode rammevilkår for frivillig arbeid i idretten.* Gode rammevilkår er ein vesentleg faktor når det gjeld motivasjon til frivillig arbeid. Det er difor viktig for Vanylven kommune å legge til rette for frivillig arbeid innanfor idrett gjennom å sikre gode og føreseielege rammevilkår for idrettslaga.

### 4.2.2 Organisering og kjenneteikn

Frivilligheit er idretten sin viktigaste grunnstein, og den frivillige innsatsen er ein føresetnad for drift av og aktiviteten i idrettslaga både i Vanylven og landet over. I idrettslaga handlar frivilligheit om å ta ei deltakarrolle der einkvar er med på å skape eit tilbod til fellesskapet.

I Stortingsmelding nr. 26 (2011-2012) kjem det fram at dei som driv med frivillig arbeid innanfor idrettsorganisasjonane skil seg ut frå frivillige i andre organisasjonar på fleire område. Eit kjenneteikn ved den frivillige innsatsen innanfor idretten er at den i stor grad vert utført av foreldre, som på denne måten gjer ein innsats for eigne barn og deira vener. Det er også slik at ein høgare andel av dei frivillige i idrettsorganisasjonane har barn enn det som er tilfelle for frivillige i andre lag og foreiningar.

Dagleg drift i idretten er kjenneteikna ved at det er dei aktivitetsorienterte arbeidsoppgåvene (trening, oppmann, støtteapparat) som krev mest. Dette utgjer godt over halvparten av det frivillige arbeidet. Mens administrative arbeidsoppgåver (dagleg leiing og rekneskap) utgjer i underkant av ein fjerdedel av det totale frivillige arbeidet. Utover den daglege drifta vert det også lagt ned betydeleg med frivillig arbeid under ulike idrettsarrangement. Dette kan vere både store og mindre arrangement, som for eksempel Castrol Cup, Hovda Rundt, mini-turneringer osv..

Utover nokre mindre tilskot opererer Vanylven kommune med «gratisprinsippet» som ein berebjelke i idrettspolitikken. Det går ut på at kommunen stiller sine idrettsanlegg til disposisjon til den organiserte idretten. Kommunen er elles representert i Vanylven idrettsråd.

### 4.2.3 Utviklingstrekk og utfordringar

På nasjonalt plan er omfanget av frivillig innsats på idrettsområdet veldig stabilt, medan det for Vanylven sin del er synkande aktivitet grunna synkande barnetal over tid. Framleis er det slik at norsk idrett er heilt avhengig av frivillig arbeid og dei fleste idrettslaga vert drifta utelukkande av frivillig arbeid.

Idretten står til dels overfor dei same utfordringane som organisasjonslivet generelt i høve rekruttering og å halde på frivillige. Organisering og strukturering av lokalidretten, lange reiser og svekka rekrutteringsgrunnlag er utfordrande for idrettslaga.

### 4.2.4 Delmål

- Utvide tilskotsordningane knytt til frivilligheit i idretten
- Forenkla søknadsprosessar slik at det blir mindre administrasjon for idrettslaga
- Arbeide for å videreutvikle samhandling og dialog mellom idrettslaga i Vanylven

## 4.3 Barn og unge

### 4.3.1 Overordna målsettingar

Vanylven kommune ønsker å legge til rette for et generelt og variert fritidstilbud for barn og ungdom også utanom idrett. Eit godt samspel mellom kommunen og frivillige, barn og ungdom sjølv, foreldre

og ulike interessegrupper, er ein viktig føresetnad for eit godt oppvekstmiljø og kan utløyse mange ressursar. Kommunen ønsker å legge til rette for trygge og inkluderande møteplassar, utan barrierar for deltaking. Her er stort rom for nye initiativ for denne gruppa.

#### *4.3.2 Organisering og kjenneteikn*

Denne gruppa inkluderer både speidargrupper og religiøse organisasjonar, samt humanitære- og friluftsgeselskap.

#### *4.3.3 Utviklingstrekk og utfordringar*

Stadig færre knyter seg over lengre tid til same organisasjon. Dei som bidreg vil ofte stille opp på bestemte og tidsavgrensa prosjekt. Det er likevel nokså stabil frivillig innsats i Vanylven særskilt knytt til 4H-avdelingane. Ein har sett tendens til at lokale avdelingar til større nasjonale organisasjonar opplever at ein god del ressursar går til sentral administrasjon som ikkje fører til direkte aktivitet for barn og unge.

Dei seinare åra har det blitt etablert «Frie ungdomsgrupper» som driv med bestemte aktivitetar, til dømes Floget klatreklubb (andre?). Det er ønskjeleg med fleire slike initiativ.

#### *4.3.4 Delmål*

1. Legge til rette for at organisasjonar kan få utvikle og drive egne kjerneoppgåver.
2. Justere tilskotsordningar slik at dei fremjar aktivitet for barn og unge. Ved tildeling av skjønnsbaserte tilskot til lagsdrift skal kulturarbeid for barn og ungdom under 19 år prioriterast.
3. Utarbeide retningslinjer for tilskot som ikkje er knytt til medlemstal åleine.
4. Legge til rette for at lag og organisasjonar for born og unge samarbeider meir på tvers av bygdene i ei tid med sterkt synkende barne- og ungdomstal

## 4.4 Nærmiljø, natur og friluftsliv

### *4.4.1 Overordna mål – nærmiljø, natur og friluftsliv*

Friluftsliv er den største fritidsaktiviteten i Norge, og fotturar i skog og mark er den suverent største aktiviteten som 2/3 av befolkninga driv med (Meld. St. 34 - Folkehelsemeldingen). Den frivillige innsatsen i regi av friluftsgeselskapane betyr mye for aktivitetstiltak og tilrettelegging både i nærmiljøet og i utfartsområde. I Vanylven føregår det meste av friluftslivet i nærmiljøet.

Dei frivillige som bidreg innan nærmiljø, natur og friluftsliv kjem både frå grendalag/velforeiningar og idrettslaga. Desse gjer ein stor innsats for å legge til rette for turar i utmark. I enkelte bygder tek også frivillige privatpersonar initiativ for å gjere friluftsområde endå meir tilgjengeleg.

Vanylven kommune skal bidra til at innbyggjarane opplever kommunale uteanlegg og område som velstelte og godt vedlikehaldne. Vi skal ha velhaldne, velfungerende og tilgjengelige uterom ved skular og barnehagar, parkar, friområde og leikeplassar. Vi skal legge til rette, samtidig som miljø- og naturkvalitetar vert teke vare på.

Vi er opptekne av at nærområda skal vere attraktive for alle aldersgrupper, fra dei minste til dei eldste, og for folk med ulike funksjonsnivå. Områda skal fungere som sosiale møteplassar og til aktivitetar som leik, mosjon, friluftsliv, naturopplevingar og til ro og avslapping.

Det er eit overordna mål å vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom kommunen og frivillige innan tema nærmiljø, natur og friluftsliv. Dette gjeld samarbeidet med tradisjonelle organisasjonar og lag, men også sjølvstendig frivillige som privatpersonar, skuleklasser og andre.

#### 4.4.2 Organisering og kjenneteikn

Naturen i Vanylven ligg særskilt godt til rette for utflukter for både store og små, sommar som vinter. I tillegg ligg fjorden rett utanfor stoveglaset for dei fleste av oss. Jaktterrenget er variert og rikt, særskilt for storvilt. Å sykle langs vegen er variert og moro og trafikken er moderat og her er 8 (?) småbåthamner. Kort sagt er natur og friluft eitt av dei fremste kvalitetane kommunen kan by på både for fastbuande og tilreisande.

For det meste er tilrettelegging organisert gjennom grendalag, idrettslag og hamneforeiningar. Lokalt vert det teke initiativ til utplassering av benkar og «pause»-bord, skilting og stirydding. Det er nyleg gjort eit betydeleg arbeid med nytt turkart, der både frivillige og kommunen har gjort sitt.

Det er ein klar samanheng mellom deltaking i friluftsliv og graden av utdanning og hushaldningsinntekt for nær sagt alle typar aktivitetar. Folk med innvandrarbakgrunn er sterkt underrepresentert i friluftslivet.

#### 4.4.4 Utviklingstrekk og utfordringar

Nærfriluftsliv er eit satsingsområde innan folkehelse og friluftsliv, jf. Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2014 – 2020). Samtidig viser nasjonale undersøkingar, at barn deltek i friluftaktivitetar, men sjeldnare enn før. Vanylven kommune må difor, i samarbeid med frivillige, kome fram til løysingar for å stimulere fleire barn og unge til å bli aktive. I tillegg må kommunen vidareføre arbeidet med rydding og tilrettelegging av grøntstrukturen.

Det er i dag ikkje organisert samarbeid mellom kommunen og grendalag eller skular om enkel tilrettelegging/vedlikehald på kommunale uteområde. Vi trur det kan ligge eit potensiale og gjensidig nytte i å få til betre ordningar her. Eksempel kan vere skuleklasser som utfører stell og rydding til inntekt for skuleturar o.l. Kommunale «dugnadsrettleiarar» som organiserer rydding og stelling kan også vere ei muleg løysing.

#### 4.4.5 Delmål

- Vanylven kommune ønsker å få til eit tettere samarbeid mellom kommunen og grendalag/idrettslag, gjennom årlege møte og vurdere etablering av utvida tilskotsordningar for nærmiljøtiltak. Ein eigen pott som krinsar/grendalag kan søke på til formålet bør vurderast
- Vanylven kommune ønsker å stimulere til og rekruttere fleire barn og unge til å verte aktive innan natur og friluftsliv. Organisering av t.d. padlekurs for barn og unge bør støttast aktivt
- Vanylven kommune vil vere pådrivar for å bremse attgroing i friluftsområda våre, og bidra til ein felles dugnad på feltet

## 4.5 Lokalsamfunnsutvikling

### 4.5.1 Overordna mål

Grendalaga og velforeiningane utgjer på mange måtar berejvelken i frivillig arbeid i krinsane våre saman med idrettslaga. Desse laga er kjende og innarbeidde organisasjonsformer, og i bygdene er det ei generell forståing for å ta «sin tørn» i styre og komitéar år om anna. Det er eit mål å styrke grendalag og velforeiningar til å omstille seg til nyare tider og aksle andre oppgåver i ei tid med endra busetnad og meir prosjektretta engasjement. Det er også behov for kompetanse på område som

eigedomsforvaltning og prosjektstyring, og det krevst i mange samanhengar betydeleg kompetanse på sosiale media, marknadsføring og økonomi for å styrke engasjement og aktivitet.

#### 4.5.2 Organisering og kjenneteikn

Alle krinsane, både bygdesentra og lokalsentra, har grendalag. Laga består av eit styre, og er i mange samanhengar også prosjektgruppe ved ymse arrangement. Berre unntaksvis er grendalaga paraplyorganisasjonar for den samla frivillige aktiviteten i krinsen, men det finst unntak. Dei fleste har vedtekter eller har på andre måtar formalisert sin aktivitet. Det vert halde årsmøte og gjennomført val.

#### 4.5.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Det er redusert vilje til å ta på seg styreverv og i mange krinsar er det slitasje på ressurspersonar, som i mange år står i leiarverv, dels utan å ha kapasitet til å fornye eller omstille lagsaktiviteten til endra behov og andre former for frivilligheit. Grendalaga er likevel er veldig viktig kulturberar i krinsane og utan den innsats som vert lagt ned der ville Vanylven sitt kulturtilbod vore langt svakare, særskilt knytt til rolla som fasilitator for møtestader – bygdekveldar, jonsokfeiringar og andre tilstellingar som skaper sosialt lim og lokal identitet.

Å balansere lokal grendalagsaktivitet opp mot felles frivillig aktivitet for fleire bygdelag saman, er krevjande. Litt av utfordringa ligg nok i at aktiviteten er knytt opp mot grendahus, og etter kvart som bygdene har redusert bustnad, vil ein naturleg konsekvens vere at å fylle grendahusa med aktivitet krev relativt meir. Eit eksempel på dette er Åram krins, som har Fredheim i Brandal, grendastova på Åram skule (og i praksis heile resten av skulen), Hakallestranda gamle skule, Hakallestranda bedehus og no til sist Hakalle Strandhus. Alle med sine foreiningar som skaper aktivitet for sitt bygg. Det vil opplevast som eit tap å avvikle etablerte aktivitetar, men tilbodet vert fragmentert, arrangement kolliderer og det krevst både vedlikehald og annan dugnadsaktivitet knytt til fem bygg. Ressurspersonar vert resirkulerte. Kvaliteten vert svekka. Nye krefter vil arbeide på andre måtar, men omstillinga let vente på seg

#### 4.5.4 Delmål

- Avdekke kompetansebehov i grendalag og velforeiningar, og bidra til gjennomføring av relevante kurs, gjerne basert på innmelde behov
- Drøfte nytten av «paraply»-organisering av lag og foreiningar i krinsane, og gjere ei vurdering av langsiktig berekraft med dagens grendalags-struktur
- Dersom det er uavklarte tilhøve omkring leige eller overtaking av t.d. nedlagde skular, bør dette setjast på agendaen med mål om avklaring i løpet av 2018.

## 4. 6 Levekår (helse og omsorg)

### 4.6.1 Overordna mål

Vanylven kommune sine tenester på levekårsområdet har som mål å bidra til at kvar person får mulegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre.

For å nå dette målet ønsker Vanylven kommune å spele på alle ressursar rundt det enkelte individ. Tilbod gjeve av frivillige er først og fremst eit supplement til kommunen sitt tenestetilbod, og det er ikkje eit mål at kommunale tenester utan vidare skal erstattast av frivillige.

### 4.6.2 Organisering og kjennetegn

Det er mange frivillige som er knytt til alders- og sjukeheimane, men talet varierer. Aktiviteten er i stor grad uorganisert og består av vener og kjende, naboar, pårørande, Røde Kors, tidlegare tilsette

eller andre. Mange stader er frivillig innsats på levekårsområdet organisert gjennom frivilligsentralar. Vanylven kommune har ikkje frivilligsentral, og ev. etablering av dette vert å vurdere i eiga sak.

I *St.meld 47 - Samhandlingsreforma* er frivillige organisasjonar si betydning i høve helsefremjande arbeid omtala. Stortingsmeldinga viser spesielt til *St. meld. nr. 39 - Frivillighet for alle* og då særleg kapittel 8 om Velferd og folkehelse. Det vert framheva følgjande område der frivillig arbeid kan spele ei vesentleg rolle:

- Tiltak som kan bidra til at brukarar meistrar sin livssituasjon
- Frivillige organisasjonar si evne og vilje til å sjå nye grupper, oppdage nye behov og bringe frem dei som ikkje vert sett av det offentlege
- Bidra til at pasientar meistrar breidda av utfordringar i sin livssituasjon
- Frivillige organisasjonar sitt arbeid innen rusfelt, kosthold og tobakksforebygging

#### 4.6.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Det er primært religiøse lag og foreiningar som har stått for denne delen av frivillig innsats på levekårsområdet. Aktiviteten innanfor typiske kvinneforeiningar og kristne lag er på retur. Det er elles vanskelegare å få folk til å forplikte seg både på tidspunkt og omfang av innsatsen no enn tidlegare. Det er framleis ei stor gruppe som legg ein betydelig del av si fritid til frivillig arbeid på levekårsområdet, men det kan virke som om det er ei veksande gruppe som krev fleksibilitet og råderett over eigen innsats i større grad enn tidlegare, anten det er snakk om følgeteneste, besøksteneste eller annan innsats for eldre og trengande.

Utfordringa er å stimulere, motivere og ikkje minst engasjere menneske som av ulike årsaker ikkje deltek i frivillige aktivitetar. Erfaringar viser at frivillig arbeid blant eldre vert utløynt i nærmiljø og av aktivitet ved lokale eldresenter. En tendens ved frivilligsentralane er ei aukande grad av sosiale gruppetiltak framfor ein-til-ein aktivitetar.

#### 4.6.4 Delmål

- **Bidra til betre rekruttering og kontinuitet av frivillige på levekårsområda.** Andelen vaksne som yter frivillig innsats innan levekår er betydeleg mindre enn på for eksempel kultur- og idrettsområda. Frivillige lag og foreiningar kan styrkast ved å fokusere på mangfald blant frivillige. Mangfald skaper mulegheiter for å tenke anleis, sjå nye mulegheiter og løysingar, og motivere breiare og tiltrekke fleire frivillige.
- **Kunnskap om frivillige sine ambisjonar for levekårsområdet.** Samarbeidet mellom kommunen og frivillige organisasjonar fungerer bra, men kan bli betre, spesielt på levekårsområdet. Manglande kunnskap og innsikt om innsats og behov kan vere ein barriere for samarbeidet. Det er eit mål å utvikle gode møteplassar, der dette blir løfta fram og drøfta.
- **Klare spelereglar.** Det er ofte ei utfordring å invitere frivillig sektor inn i løysinga av oppgåver som kommunen utfører på levekårsområdet. Dette kan bidra til at i det konkrete samarbeidet mellom eksempelvis frivillige og heimebasert omsorg kan oppstå tvil om korleis samarbeidet skal fungere og kva som skal vere rammene rundt oppgåvene. Det må i samarbeid utarbeidast klare retningslinjer for dette.

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar, Vanylven kommune